



NAV har som overordna mål å gi folk høve til arbeid og aktivitet, samtidig som ein sikrar dei rettane til velferdsytingar. For å nå dette målet skal vi byggje opp ein sterk og mangfaldig organisasjon, finne betre måtar å jobbe på og utvikle nye tenester for brukarane. Vi tilbyr meningsfylte og utfordrande oppgåver, og gode utsikter til å gjere karriere i ein organisasjon som har svært viktige samfunnsoppdrag. NAV vil i eit partnerskap med kommunane opprette NAV-kontor over heile landet.

NAV Volda vart etablert i november 2007 med 14 tilsette (statleg og kommunalt ansatte).

Leiar for kontoret har slutta og vi treng derfor snarest å rekruttere ny

LEIAR AV NAV VOLDA

Volda kommune og NAV Møre og Romsdal søker i felleskap etter leiar av NAV-kontoret i Volda.

Kontoret er nettopp åpna og leiaren får derfor ei viktig rolle i utviklinga av kontoret. NAV-leiaren rapporterer både til administrasjonssjef i Volda kommune og til NAV-direktøren i Møre og Romsdal, i tråd med lokal samarbeids-/partnerskapsavtale.

Stillinga innebær:

- fagleg og administrativ leiing av den samla verksemda ved kontoret
- aktiv kontakt med næringsliv, offentlig sektor og organisasjonar
- aktiv kontakt med brukarar og media.

Stillinga gir ein sentral posisjon og utfordrande arbeidsoppgåver i eit kontor og ein etat under utvikling.

Viktige kvalifikasjonar for stillinga:

- Relevant utdanning på universitets- eller høgskolenivå
- Erfaring frå omstillingsarbeid
- Leiarfaring
- Kjennskap til kommunal og/eller statleg verksemd
- God kunnskap om arbeids- og velferdspolitikken i samfunnet
- Kunne dokumentere resultat og evne til gjennomføring
- God datakompetanse
- Personlige eigenskaper som:
 - Evne til å motivere gjennom å skape eigarskap og engasjement
 - Tydeleg, strukturert og resultatorientert
 - Initiativrik og utviklingsorientert
 - Evne til å skape gode samarbeidsrelasjonar
 - Evne til sikker framføring i media

NAV er oppteken av mangfald og vi oppfordrar derfor alle kvalifiserte kandidatar til å søkje jobb hos oss uavhengig av alder, kjønn, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. NAV er IA-verksemd, og vi vil leggje forholde til rette for søkjarar med redusert funksjonsevne.

Vilkår:

Tilsetjinga vil vere på kommunale vilkår med stillingstittel NAV-leiar. Løn etter avtale. Prøvetid i stillinga er 6 månader.

Nærare opplysningar kan du få ved å vende deg til administrasjonssjef Jarle Krumsvik, tlf 70 05 87 03 eller NAV-direktør Olaug Flø Brekke, tlf 91 68 05 27.

Søknad sendast:

navstillinger@nav.no eller per post til: NAV Drift og utvikling, HR-tjenester, postboks 5200 Nydalen, 0426 OSLO

Merk søknaden: 1519-2-2007

Søknadsfrist er 15.01.2008